



Notat

Dato: 27.05.2019
Arkivsak: 2014/17239-19
Saksbehandlar: mattorg

Til: Fylkesordfører

Frå: Fylkesrådmannen

Spørsmål frå representanten Roald Kvamme (A) om konsekvensar av å auke det statlege bidraget frå 50 prosent til 70 prosent.

I møte 28. mars kom Roald Kvamme (A) med følgjande skriftleg spørsmål

«Kor mykje ekstra tilskudd vil det utgjera, og kor mykje kan ein redusera bompengebelastninga, dersom staten sitt tilskot til utbygging av Bybana vert 70% av kostnadane for utbygging til Fyllingsdalen og Åsane.»

Svar

I gjeldande avtale utgjer staten sitt bidrag 50 pst av kostnadene til sjølve bybanetraseen inkludert tilhøyrande stasjonar og haldeplassar. Fordyrande element knytt til t.d. til tilgrensande byutviklingstiltak går ikkje inn i berekningsgrunnlaget for staten sin del av kostnaden. Staten dekkjer ikkje evt. kostnadsoverskridingar i prosjektet.

Stortinget har fastsett endeleg finansieringsplan og staten sitt bidrag til Bybanen byggetrinn 4 til Fyllingsdalen til inntil 3443 mill i 2019-kr. Ei auke til 70 % finansiering ville kunne gje ein ramme på 4820 mill kr, som er ei auke på 1377 mill kr.

Bybanen sitt byggetrinn 5 til Åsane er for tida under planlegging, og nytt kostnadsestimat kjem i reguleringsplanen. I Prop S. 11 S (2017-2018) er det lagt inn at bybanen etappe 5 vil koste 8 mrd kr i 2017-kroner. Ei 50/50 finansiering vil då gje eit statleg tilskot på 4 mrd. kr, mens ei auke til 70 prosent finansiering vil gje eit tilskot på 5,6 mrd kr, altså ei auke på 1,6 mrd. kr.

Samla bompengebidrag for bompengeperioden 2018-2037 er i Prop S 11. (2017-2018) sett til 11 mrd 2017-kroner.

Konsekvensane for bompengebelastinga ved å auke det statlege tilskotet til Bybanen frå 50 til 70 prosent krev nærare utgreiing. Fylkesrådmannen har bedt Miljøløftet i samarbeid med Statens Vegvesen om å utgreie dette, og vil kome attende med skriftleg svar i sakspapira til møte i fylkesutvalet 20. juni.